



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Ørstafjord/Vartdalsfjord.
Dato: 23.11.2020
Møtet starta Kl. 13.30
Møtet slutta Kl. 17.00

Faste medlemar som møtte:

| Namn | Funksjon |
|-----------------------|------------|
| Sven Castberg | Leiar. |
| Jetmund Øye | Nestleiar. |
| Tore Thon | Medlem. |
| Sylvi Gulla Hovdenakk | Medlem. |
| Hilde Aambakk | Medlem. |

Faste medlemar som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon |
|------|----------|
|------|----------|

Varamedlemar som møtte:

| Namn | Møtte for |
|------|-----------|
|------|-----------|

Frå Vest kontroll//andre møtte:

| Namn | Stilling |
|-----------------|---------------|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar. |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

| Namn | Stilling |
|---------------|-------------------------|
| Bodill Skeide | Dagleg leiar/rev. Sjef. |

Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

| Namn | Stilling |
|-------------------------|---|
| Eldar Øye | Assisterande kommunedirektør. I sak 58. |
| Gunn Fremmerlid Brandal | Hovudverneombodet. I sak 53. |
| Kari Flø | Konstituert personalleiar. I sak 53. |
| Ivar-Otto Kristiansen | Sektorleiar. I sak 54. |
| Jan Inge Bueide | Økonomileiar. I sak 55. |

SAKLISTE

- SAK 49/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL
- SAK 50/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 51/20 MELDINGAR
- SAK 52/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 53/20 ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET
- SAK 54/20 ORIENTERING FRÅ SEKTORLEIAR - TEKNISKE TENESTER
- SAK 55/20 TERTIALRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020
- SAK 56/20 ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020
- SAK 57/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 58/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 49/20 | 033 | 05.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Behandlingsrekkefølge for sakene vert slik: 49, 53, 58 (Del 1), 55, 50, 51, 54, 52, 56, 57, 58 (del 2).
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Hilde Aambakk.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 50/20 | 049 | 05.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 12.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 12.10.2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 51/20 | 033&17 | 05.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Årsmelding 2019 Søre Sunnmøre Barnevernssamarbeid.
2. E-post, av 29.10.2020. Informasjon frå Volda kommune om korleis dei jobbar med tilsynsrapporten.
3. Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2019.
4. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
5. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».

| | | | | |
|-----------------|------------------|--------------|------------------|-----------------------|
| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
| 52/20 | 033&58 | 13.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside -

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&> og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

| | | | | | |
|---|-------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Administrasjonsutvalet: | 03.06 | | | | |
| Arbeidsmiljøutvalet: | 10.09 | | | | |
| Eldrerådet: | 01.10 | 19.10 | | | |
| Formannskapet: | 07.09 | 06.10 | 23.10 | 29.10 | 10.11 |
| Formannskapet som klageutval: | | 06.10 | | | |
| Formannskapet som klageutval for klientsaker og barnehageopptak: | 28.04 | | | | |
| Kommunestyret: | 02.09 | 15.10 | 05.11 | | |
| Landbruksutvalet: | 11.05 | 05.10 | | | |
| Levekårsutvalet: | 30.09 | 21.10 | | | |
| Råd for likestilling av funksjonshemma: | 20.08 | 02.10 | | | |
| Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt: | 10.06 | | | | |
| Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt: | 24.06 | 14.10 | 12.11 | | |
| Samfunnsutvalet: | 29.09 | 03.11 | | | |
| Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd: | 23.06 | | | | |
| Ungdomsrådet: | 06.05 | 22.10 | | | |
| Valstyret: | | | | | |
| Vilt- og innlandsfiskeremnda: | 15.06 | | | | |
| VØR IKS Styret | 25.08 | 29.09 | | | |
| VØR IKS Representantskapet | 19.09 | | | | |
| VØR IKS Klageutvalet | | | | | |
| Retura Søre Sunnmøre AS | 2019 | | | | |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 53/20 | 030&18 | 06.11.2020 | 23.11.2020 | KS/JS |

ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå hovudverneombodet til vitende.

I møtet

Hovudverneombod Gunn Fremmerlid Brandal og konstituert personaleiar Kari Flø orienterte og svara på spørsmål.

Hovudverneombodet er frikjøpt i 40%. Begynte som hovudverneombod 01.08.2020.

Det er 39 verneområde (verneombod). Ho har ikkje fått møtt alle verneomboda enno grunna korona. Dei har løpande kontakt på e-post og telefon.

Ho har fullført 40 timars kurset for verneombod.

Har løpande kontakt med personaleiar og samarbeidet med tillitsvalde.

Er medlem av arbeidsmiljøutvalet.

Hovudverneombodet vart invitert til å kome med tips til kontrollutvalet i områder som kan vere interessant for kontrollutvalet å sjå på.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Hovudverneombod i Ørsta kommune v/ Gunn Fremmerlid Brandal er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille hovudverneombodet i møtet.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 54/20 | 030&18 | 13.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

ORIENTERING FRÅ SEKTORLEIAR - TEKNISKE TENESTER

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå sektorleiar for tekniske tenester til vitende.

I møtet

Sektorleiar for Tekniske tenester Ivar-Otto Kristiansen orienterte og svara på spørsmål.

Viser til organisasjonskart som vert lagt på saka/heimesida. Han orienterte om dei ulike tenestene. Særleg tok han fram at det er for lite fokusert på vedlikehald, særleg på vegar. Det ein driv med kan reknast for reparasjon. Dette fører til ein vil stå fram for store kostnader etter kvart.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Sektorleiar for tekniske tenester i Ørsta kommune Ivar-Otto Kristiansen er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille sektorleiar for tekniske tenester i møtet.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 55/20 | 212 | 13.11.2020 | 23.11.2020 | JSa/JS |

TERTIALRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Tertialrapporten pr. august 2020 og Finansrapporten 1. januar til 31. august til vitende.

I møtet

Økonomileiar Jan Inge Bueide orienterte og svarta på spørsmål.

Visse endringar etter at rapporten vart laga. Bl.a. har kommunen fått 7 mill. frå Havbruksfondet.

Det vil også kome litt koronamidlar, utan at desse vil ha særleg verknad på drifta.

Det kan skje mykje framover så det håp om at 0 resultat.

Vedlegg

1. Kommunestyresak 86/20 Tertialrapport august 2020.
2. Tertialrapport 2020 pr. august 2020
3. Finansrapport Ørsta kommune. 1. januar til 31. august 2020
4. Markedskommentar – Rentemøte i Norges Bank 24.09.2020

Saksopplysning Tertialrapport

- Det er nytta ny rekneskapsoppstilling i samsvar med ny kommunelov. 2019 og 2020-tala er difor ikkje direkte samanliknbare.
- Årsprognosen for 2020 framkjem med eit **negativt netto driftsresultat på 17,9 mill.**, som er 1,8 mill. betre enn det budsjetterte driftsresultatet.
- Generelle inntekter ligg kr 6,4 mill. over budsjetten, samtidig som driftskostnadane ligg kr 9,9 mill. over budsjetttrammene.
- Netto finansutgifter er kr 5,3 mill. lavare enn budsjettert.
- Tertialrekneskapen pr. august viser eit positivt resultat på kr 27,1 mill før avskrivningar.
- Kommunedirektøren og økonomileiaren er urolige for utviklinga i kommuneøkonomien. Arbeidet med innsparingar innan tenester og struktur må difor halde fram.
- Det er usikkerhet knytt til covid-19, auka driftskostnadar pga. investeringar.
- Inntekter på kr. 10,2 mill. er usikre pga. grensejustering i Bjørke/Viddal-området, side 19 i vedlegg 2.
- Det er bekymringsfullt at det år etter år er meirforbruk i helse og velferd. Sektoren sine kostnadar må tilpassast drifta sitt budsjett.
- Omtale av dei ulike sektorane, sjå side 7-18 vedlegg 2.
- Det kan skje andre uventa hendingar i 2020 som det ikkje er teke høgde for.
- Dei siste åra har utgiftene auka meir enn inntektene. Avviket må salderast ved bruk av disposisjonsfondet. Dette er ikkje berekraftig over tid.

- Sjukefråværet i 2. tertial er på 5,63%, hittil i år på 5,94%. Det er positivt at fråværet viser ein fallande tendens. Barnehagesektoren har høgst fråvær med 10,28% hittil i år, side 20 i vedlegg 2.
- Vedkommande investeringar, sjå side 22-27 i vedlegg 2.

Saksopplysning Finansrapport

- I si Finansrapportering i vedlegg 1 påpeikar Bergen Capital Management (BCM) at utviklinga i gjeldsportefølgjen og finansieringsavtalene er prega av:
 - ✓ økonomisk verdskrise som følgje av covid-19
 - ✓ oljeprisfall
 - ✓ rekordlav rente, Norges Bank si styringsrente på 0
 - ✓ svak krone fører til høgre prisar på importerte varer

Etter fall i mars/april er mange marknader i ferd med å normalisere seg.

Ørsta Kommune si totale lånegjeld var pr. 31.08.2020 kr ca. 1 045 tusen, vedlegg 1. Det er på same nivå som ved inngangen av året.

Kr 235 mill av lånegjelda er på flytande rente.

Marknadsrenta er framleis på 0 %.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|-----------------|------------------|--------------|------------------|-----------------------|
| 56/20 | 216 | 16.11.2020 | 23.11.2020 | KS |

ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orientering om løpande revisjon pr. november 2020 til vitende.

I møtet

Dagleg leiar/rev.sjef Bodill Skeide orienterte om status for løpande revisjon.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Dagleg leiar/rev. Sjef Bodill Skeide frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon orienterer om løpande revisjon pr. november 2020 i møtet 23.11.2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 57/20 | 217 | 17.11.2020 | 23.11.2020 | JS |

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 8 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
3. KS Anbefaling om eierstyring, selskapsledesle og kontroll (Ikkje oppdatert i høve ny kommunelov. Ein ventar på ajourført utgåve frå KS)

Saksopplysningar

Viser til forslag til plan som ligg ved.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 58/20 | 033 | 16.11.2020 | 23.11.2020 | JS |

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet føreset at kommunedirektør og politisk nivå får saka om erstatning for klubbhus til Ørsta IL behandla snarast mulig. Ut frå lovnaden frå ass. kommunedirektør om at saka no vert teken tak i, vil ikkje kontrollutvalet ta tak i saka no.
2. Kontrollutvalet etterlyser kommunen sitt system for statusoversikt over kommunale saker og ber kommunedirektøren om tilbakemelding innan 15.01.2021.

I møtet

Del 1.

Behandling av innkomne brev til kontrollutvalet vedkomande erstatning for klubbhus til Ørsta IL. Jf. Vedlegg 1 og 2.

Sven Castberg stilte spørsmål om sin habilitet då som leiar i handballgruppa også medlem i styret for Ørsta I.L.

Castberg er som styremedlem inhabil, jf. Forvaltningslova § 6. 1 lekk 2).

Castberg gikk frå ved kontrollutvalet si vurdering om innkome brev gir grunnlag for sak i kontrollutvalet.

Nestleiar Jetmund Øye overtok leiinga av møtet.

Ass. Kommunedirektør Eldar Øye orienterte og beklaga at dei ikkje hadde teke fatt i behandlinga av saka. Han lova at saka no vert teken opp til administrativ og politisk behandling.

Etter avstemminga kom Castberg tilbake og deltok og leia i møtet.

Del 2

Fleire i kontrollutvalet etterlyste kommunen sitt system for status for kommunale saker, særleg kommunestyresakene. For å kunne følgje opp er det viktig for utalet at kommunen har eit system for dette. Utvalet meiner at statusoversikt bør følgje som del av kommunen si tertialrapportering.

Kan Acos gi slik oversikt eller må administrasjonen utarbeide manuell oversikt?

Vedlegg

1. Til kontrollutvalet i Ørsta kommune. Erstatning for klubbhuset til Ørsta IL.
2. Til kontrollutvalet i Ørsta kommune. Plassering av fleirbrukshallen i sentrum.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet må vurdere om tilsendte dokument gi grunnlag for ei sak som kontrollutvalet vil bruke ressursar til. Det er kanskje nødvendig med ei orientering frå kommunedirektør evt. ordførar først.

Vi kan gjere eit forsøk på om dei kan møte.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Hilde Aambakk
-medlem-

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Kommunedirektør til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.